



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## SAKSFRAMLEGG

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
22.6.2011		Morten Larsen

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
<b>8/11</b>	Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren	30.6.2011

### STIMULERING OG REKRUTTERING AV SPESIALISTAR TIL DEN OFFENTLEGE TANNHELSETENESTA I MØRE OG ROMSDAL

Fylkesrådmannen førebur no ei sak til fylkesutvalet om tiltak for å stimulere til utdanning og rekruttering av spesialistar til den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal. Arbeidet fylkeskommunen no har satt i gang er m.a. forankra og avleda av fylkeskommunane sitt ansvar for "å syte for" at innbyggjarane har det tannhelsetilbodet, inkl. spesialisttilbodet dei har behov for. Viktige premisser for arbeidet blir også lagt gjennom fylkeskommunen si deltaking i "Tannhelsetjenestens kompetansesenter for Midt-Norge", som har som eit av sine overordna mål å drifte eit kompetansenettverk som skal bidra til auka tilgang på spesialistkompetanse for den offentlege og private tannhelsetenesta. Gjennom kompetansenettverket skal ein sikre dei tre fylka i Midt-Norge god geografisk fordeling av fagpersonell. Arbeidet med ei tiltakspakke for stimulering/rekruttering er også forankra i St.melding nr. 35 (2006-07) og vil også bli knytt til den føreståande prosessen med eigen regional delplan for tannhelsetenesta i fylkeskommunen.

Saka er f.t. under utgreiing og SAMU-T vil få til behandling ei endeleg og fullstendig saksutgreiing på septembermøtet. Saka vil deretter bli politisk behandla i fylkesutvalet innan utgangen av september 2011.

Det vil i møtet bli gitt ei nærare orientering av juridisk sjef i fylkeskommunen/styreleiar for "Tannhelsetenestens kompetansesenter for Midt-Norge" Gudmund Lode og personal-sjef Dag Lervik om arbeidet og prosessen så langt

Anthony N. Valen  
Fylkestannlege

Morten Larsen  
kontorsjef